

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 29.10.2006
Sakhandsamar: Åsmund Norheim
Saka gjeld: **Fullmaktsstruktur i Helse Vest RHF**

Arkivsak 0

2006/351/011

Styremøte 08.11. 2006

Styresak 102/06 B

Bakgrunn:

I styremøte 6. september 2006 blei det under administrerende direktør si orientering gitt ein oversikt Fullmaktstruktur i Helse Vest RHF.

Kommentarar:

Behovet og grunngjevinga for fullmaktstruktur

I styringa og leiinga av ei verksemd er det grunnleggjande viktig at det er klarheit i ansvars- og myndigheitsfordelinga mellom dei besluttande organa i verksemda og like eins at det er klarheit i ansvars- og myndigheitsfordelinga mellom medarbeidarane i linja i administrasjonen. Både hensynet til å etablere ein effektiv organisasjon som nyt tillit og har godt omdømme og hensynet til eit godt arbeidsmiljø krev at det er klarheit i ansvars- og myndigheitsfordeling. Helse- og omsorgsdepartementet har i eigarstyringsdokumentet til Helse Vest både for 2005 og 2006 peika på behovet for god eigarstyring, organisatorisk vidareutvikling og utvikling av internkontrollen i heile helseføretaksgruppa.

Styret i Helse Vest RHF har i 2 tidlegare styresaker dette året vedtatt styreinstruks og instruks for administrerende direktør (dagleg leiar). Fullmaktstrukturen er ei meir konkret og skjematisk oversikt over den formelle myndigheitsfordelinga mellom dei forskjellige beslutningsnivåa i organisasjonen. Som styrande dokument er det naturleg å sjå fullmaktstrukturen i forlenginga av dei nemnde instruksane for styret og administrerende direktør.

I styringsdokumentet til helseføretaka for 2006 har Helse Vest RHF i del 2 – eigarstyringsdelen - omtala organisering og ansvarsdeling. Her er styra i helseføretaka bedne om å sørge for at det blir utarbeidd ein fullmaktstruktur som klargjer fullmaktsforholdet mellom styret og dagleg leiar og dessutan at dagleg leiar utarbeider ein fullmaktstruktur som dokumenterer fordelinga av fullmaktene internt i organisasjonen. Det er føresetnaden at helseføretaka byggjer sin fullmaktstruktur mellom leiarelementa i verksemda på same struktur som det regionale helseføretaket.

Avgrensing av saka

I denne saka avgrensar ein seg til å beskrive fullmaktsforholdet mellom føretaksmøtet, styret og dagleg leiar i det regionale helseføretaket. Denne fullmaktstrukturen bør også kunne nyttast som grunnlag for tilsvarande fullmaktstruktur i helseføretaka. Ein kjem tilbake til dette i eige punkt i tilrådinga til styret.

Den interne fullmaktstrukturen i linja i administrasjonen til Helse Vest RHF, gjerne omtala som delegasjonsreglementet, er også ein del av ein samla fullmaktstruktur. Denne delen av fullmaktstrukturen ligg under dagleg leiar sitt myndigheitsområde og bør sjåast i samanheng med organisasjonskartet for administrasjonen med tilhøyrande funksjons- og oppgavefordeling. Dette bør difor føreleggjast styret til orientering i samband med eiga sak om den interne organiseringa av administrasjonen i Helse Vest RHF.

Fullmaktstrukturen mellom dei leiande organa i Helse Vest RHF viser og dokumenterer dei *formelle rammene* for myndigheita til desse organa. Desse formelle rammene for fordeling av myndigheit må ikkje forvekslast med dei samhandlingsrutiner som elles eksisterer mellom styret og dagleg leiar med omsyn til at styret vert orientert om forhold som ligg innafor myndigheita til dagleg leiar. Desse samhandlingsrutinane fell utanfor den formelle fullmaktstrukturen og ramma for denne saka.

Det rettslege grunnlaget for fullmaktsfordelinga mellom dei leiande organa: Føretaksmøtet, styret og dagleg leiar

Fullmaktsfordelinga mellom føretaksmøtet og styret.

Det rettslege grunnlaget for myndigheitsfordelinga mellom føretaksmøtet og styret er fastsett i helseføretakslova. Her er enkelte, konkrete oppgaver lagt til føretaksmøtet, så som sal av sjukehusverksemd og faste eigedommar. Men lova har og ein generelt utforma bestemmelse i §30 som uttalar at føretaksmøtet gjer vedtak i saker som er av: "*vesentleg betydning for verksemda i føretaket*" eller i saker som: "*antas å ha prinsipielle sider av betydning*". Her må det gjerast ei konkret vurdering frå sak til sak om saka er av slik karakter. Mellom anna må det i vurderinga leggjast vekt på den politiske og samfunnsmessige interessa som saka har og kva praksis som har utvikla seg for behandling av den type sak det dreier seg om.

Fullmaktsfordelinga mellom styret og dagleg leiar.

Det rettslege og prinsipielle utgangspunktet når det gjeld myndigheitsfordelinga mellom styret og dagleg leiar, er også fastsett i helseføretakslova. Det fylgjer av lova at "*forvaltninga*" av føretaket høyrer under styret og "*dagleg leiing*" høyrer under dagleg leiar. Dagleg leiar skal m.a. fylgje dei retningslinjer og pålegg som styret har gitt. Det fylgjer vidare av helseføretakslova at dagleg leiing ikkje omfattar saker som etter forholda er av "*uvanleg art*" eller av "*stor betydning*".

Som ein ser er helseføretakslova knapp når det gjeld myndigheitsfordelinga mellom styret og dagleg leiar og lova sjølv omtalar dette på eit overordna nivå.

Styret kan i prinsippet gå inn og overprøve også saker som ligg inn under dagleg leiing. Men spørsmålet som det er eit praktisk behov for å avklare i samanheng med fullmakter, er grensa for dagleg leiar sine fullmakter i forhold til styret sin eksklusive kompetanse. Det er denne grensa som klargjer kva fullmakter dagleg leiar har i si daglege leiing av føretaket.

Før ein gir seg i kast med å omtale og definere dei fullmakter dagleg leiar har i kraft av å utøve dagleg leiing, bør det peikast på kva rettskjelder utanom sjølve lova om helseføretak som er relevante for denne definisjonen.

Vedtektene til Helse Vest RHF er fastsette med heimel i helseføretakslova og er rettskjelda nest etter lova som det er naturleg å undersøkje. Vedtektene omhandlar fullmaktsforholdet mellom føretaksmøtet og styret, men seier ingenting om fullmaktsforholdet mellom styret og dagleg leiar.

Dei årlege styringsdokumenta til Helse- og omsorgsdepartementet kan stilla krav til at styret på konkrete område engasjerer seg spesielt. Slike krav medfører då naturleg at det tilligg styret å gjere vedtak i slike saker. Saker tilknytta internrevisjonen sine oppgaver er eksempel på dette.

Både styreinstruksen for Helse Vest RHF og instruksen for dagleg leiar er dokument som er fastsette av styret sjølv. Begge desse instruksane listar opp oppgaver som ligg til styret og oppgaver som ligg til dagleg leiar. Instruksane er difor dokument som må leggjast til grunn når fullmaktsramma mellom styret og dagleg leiar skal trekkjast opp. Det same er tilfelle med styret sitt årlege budsjettvedtak og budsjettendringar som styret gjer underveis i budsjettåret.

Når det gjeld andre oppgåver som ikkje er omtala i dei nemnde dokument, er ein ofte henvist til å sjå på kva som er innarbeidd praksis for myndighetsfordeling mellom styret og dagleg leiar i selskapsretten generelt. Denne praksisen treng ikkje vera avgjerande for kva praksis ein vil ha i helseføretaka, men kan vera eit av fleire moment ein må vurdere.

Spesielle utfordringar

Det fylgjer av punktet ovanfor at det rettslege grunnlaget for å definere fullmaktstrukturen mellom føretaksmøtet og styret og mellom styret og dagleg leiar ikkje er særleg klart definert i regelverket. I tillegg til dette har vi det forhold at helseføretaka – så vel det regionale som dei lokale helseføretaka – er tillagt oppgaver og ansvar som sett i eit samfunnsperspektiv utgjer eit stort spenn og breidde. I motsetning til meir kommersielle verksemdar som staten eig, skal helseføretaka også ivareta rolla som ansvarleg samfunnsaktør på fleire andre område enn dei reint forretningsmessige.

I dette biletet blir det for komplisert og uoversiktleg å prøve å plassere alle oppgåver som kan oppstå i ein komplett fullmaktstruktur mellom føretaksmøtet, styret og dagleg leiar. Ein må difor begrensa seg til ei oversikt over ein del aktuelle oppgåver.

Vedlagt fylgjer ei oversikt over ein del aktuelle oppgaver innan verksemda i Helse Vest RHF. Denne oversikta bør utgjere fullmaktstrukturen mellom føretaksmøtet, styret og dagleg leiar i Helse Vest RHF. Samtidig bør oversikta leggjast til grunn ved utarbeiding av tilsvarande fullmaktstruktur i helseføretaka.

Forslag til vedtak:

1. Styret fastset vedlagte oversikt over oppgaver og tilhøyrande myndigheit som fullmaktstruktur mellom føretaksmøtet, styret og dagleg leiar i Helse Vest RHF.
2. Styret ber om at helseføretaka legg same struktur til grunn for utarbeiding av tilsvarande fullmaktstruktur i helseføretaka.